

Årsmøte for Silda velforening 2018

på Silda grendahus laurdag 31. mars.

36 personar møtte fram.

1. **Godkjenning innkalling** Ein bad om at personar utan e-post må få innkalling på SMS

2. **Val av møteleiar:** Tore Johansen vart vald

3. **Val av referent, og to til å skrive under møteboka**
Sekretæren fører møteboka.
Einar Rune Sætren og Sindre Langlo skriv under

4. **Opplesing av vedtekt § 2.**

Paul Sundnes refererte Vedtektene §2.

«Medlemsskap i foreninga kan tegnes av alle som ønsker det, også familier*

* Dersom man tegner familiemedlemsskap, er familien samlet sett regnet som et medlem med en stemme på årsmøtet.»

Styret varsla at det var ønske om vurderingring av § 2 i vedtektene vedtekne i 2003.

Vedtak: Etter litt debatt vart spørsmålet utsett til sak 8.

5. **Årsmeldinga for 2017**

Vedtak: Meldinga vart teken til vitande , med retting. (Det var Vågsøy fomannskap, som gav dispensasjon til ankring av mærdar ved Nord-Silda, ikkje kommunestyret.)

6. **Rekneskapan for 2017**

Vedtak: Den reviderte rekneskapan vart teken til vitande.
Styret får fullmakt til å vurdere skifte av bank.

7. **Val:** Styret er valnemnd.

Valde til styret: Leif Magne Wiik og Gerda Silden Totland (for 2 år) Tore Johansen, Unni Silden Hennøen og Paul Sundnes (for 1 år)

Varamedlemer: Jarl Magne Silden, Kari Sølvberg Silden. (for 1 år)

Val av revisorar: Kjell Rune Gangsø og Sindre Langlo

Alle val og vedtak vert gjort med akklamasjon

8. **Budsjett for 2018**

Vedtak: Medlemsavgift for 2018 er alt sent ut. Spørsmålet om medlemsavgift vert utsett.
Styret må utarbeide forslag til evt. endring av §2, målet må vere å få fleire medlemar.
Det bør vurderast opning for støtte-medlemskap- med røystrett.
Styret må lag eit oppslag over tiltak SiVe har støtta og fått gjennomført, og saker som det no må arbeidast med.
Det må gå ut oppmoding om å melde seg inn i foreninga. Motto **Saman er vi sterkare**

Vedtak: Årsmøtet ber styret å skaffe planter til krukkene på Silda, som i 2017, saman med nødvending plantejord og hjelpemiddel.

9. **Ekstrasaker til årsmøtet**

A. **Støtte til beiteprosjekt.**

Det var innsendt forslag om at årsmøtet skulle gi styret fullmakt til å løyve tilskot til framtidig beiting på Silda.

Styret drøfta dette på styremøtet torsdag 29. mars, og meinte at laget treng meir informasjon for å kome med tilråding.

Vedtak: Styret vert bedne om snarast å vurdere korleis SiVe kan støtte ei framtidig beiting på Silda.

B. Ruteendring i helg og høgtider

Fjord 1/Sogn og Fjordane fylkeskommune har, brått og utan høyring eller varsel, fjerna alle ruter på fri- og helgedagar for øyane i Sogn og Fjordane.

Dette er heilt urimeleg mot dei små øysamfunna i fylket.

Styret vert pålagt å finne ut kva som er grunnen til denne overraskande endringa av transporten til øyane i S&Fj.

Vedtak: For å bøte på den prekære situasjonen kjøper SiVe ein ekstratur med Øyglimt på 2. påskedag. Årsmøtet vedtok samrøyste å sende ein resolusjon til Sogn og fjordane Fylkeskommune.

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hermansverk

Resolusjon samrøystes vedteken på Årsmøtet 31 mars

Silda Velforening protesterer på det skarpaste på Sogn og fjordane sitt overraskande vedtak, om å fjerne alle båtruter på helg og off.fridagar.

Silda Velforening forstår ikkje kva som er grunne til denne endringa av tidlegare vedteken ruteplanar og bed om omgåande å få ei forklaring.

Er dette ei første tilpassing til den framtidige Vestland fylkeskommun??

Er meininga at dei små øysamfunna i Fylket skal avfolkast, og at all innsats som har vore lagt ned i utvikling av feire- og fritidsaktivitet på øyane skal leggest brakk.

Av denne overraskande endringa i ruteplanen har Silda velforening blitt tvinga til å kjøpe ei ekstra «søndagsrute» med Øyglimt på 2. påskedag, for at dei ferierande kan få nytte heile påska på vår vakre påskeøy.

Med trist helsing
Silda Velforening

Tore Johansen
formann

C. Sjøppelordninga på Silda Orientering ved Paul.

I siste kontakt med styremedlem E.O. Midtbø fekk vi opplyst at Renovasjonsordninga på Silda var under vurdering. Normil ville ha eit møte på Silda våren 2018. Normil meiner at 2 kontainrarar har stor nok kapasitet til å dekke dei som som betalar renovasjonsavgift.

D. Arealplanen for Silda –

Under årsmøtet kom det fram at Vågsøy kommune skal starte opp att arealplanarbeidet. Årsmøtet var samde om at det no er viktig å vere i forkant av arbeidet, både når det gjeld arealet på land og i havetrommet.

Fleire meinte at plass for småbåthamner må inn i planen.

Vedtak: Rolf Frøysa og Sindre Langlo vert bedne å følgje opp dette arbeidet.

Møteboka er ført av : Paul Sundnes

Protokollen er godkjend av :

Einar Rune Sætren

og Sindre Langlo